



## Innkalling Formannskapet

**Møtedato:** 03.09.2014  
**Møtested:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 09:00

Sak om Høyring - regional kulturplan for Hordaland vert teken opp i møte.  
Orientering om planlagt ny vegløyning til Furuly Eldrebustader v/Asbjørn Nagel Toft  
Det vert synfaring i Sak 174/14 Næringsområde i N18 på Øksneset

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no  
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

### Saksliste

Saksnr	Tittel
169/14	Godkjenning av innkalling og saksliste
170/14	Godkjenning av møteprotokoll
171/14	Meldingar
172/14	Delegerte saker
173/14	Orienteringssak
174/14	Søknad om deling av areal på gbnr. 160/3 i Næringsområde i N18 på Øksneset - Dispensasjonssøknad
175/14	Selskapskontroll i AS Austrheim Næringselskap - oppfølging av kommunestyresak 093/14

Austrheim, 27.08.2014

Per Lerøy  
ordfører

Olav Birger Andersen  
fungerende rådmann

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
169/14	Formannskapet	PS	03.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1277

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
170/14	Formannskapet	PS	03.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nesbø		14/1277

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 20.08.2014

#### Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

#### Saksopplysninger:



## Møteprotokoll Formannskapet

**Møtedato:** 20.08.2014  
**Møtestad:** Kommunehuset - Børilden  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

Sak 159/14: Godkjenning av møteprotokoll for sak 144/14 (ikkje offentleg) - Protokollen vart lagt fram i møte

Sak 162/14: Rådmann Odd Ivar Øvregård og dagleg leiar i IKT Nordhordland Thomas Rønn Aar orienterer om budsjettet til IKT Nordhordland for 2015.

Sak 165/14: Plankart vart ettersendt

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Helge Dyrkolbotn	KRF	Varaordførar
Liv Ulvøy	V	Medlem
Ernst Stellberg	H	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**  
Asbjørn Nagell Toft, Olav Birger Andersen

---

Dato 21.08.2014

Per Lerøy  
ordførar

Olav B. Andersen  
fungerande rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
157/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
158/14	Godkjenning av møteprotokoll
159/14	Godkjenning av møteprotokoll
160/14	Meldingar
161/14	Delegerte saker
162/14	Orienteringssak
163/14	Søknad om deling av areal på gbnr. 160/3 i Næringsområde i N18 på Øksneset - Dispensasjonssøknad
164/14	Søknad om frådeling av bustadtomt på gbnr. 157/9 på Bergsvik - Dispensasjonssøknad
165/14	Vedtak - Detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde. Planid. 2010009- Andre gongs offentleg ettersyn
166/14	Sak 14/982 Byggesak gbnr 132/66 Utkilen - kai og naust - dispensasjon - klage
167/14	Budsjettoppfølgjing juli 2014
168/14	Likviditetsprognose 2014

## **157/14: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

## **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 157/14 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **158/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

## **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 158/14 Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

---

## **159/14: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå møte 24.06. 2014 sak 144/14 vert godkjent

## **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

### **FS - 159/14 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 24.06. 2014 sak 144/14 vert godkjent

---

## **160/14: Meldingar**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

## **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Melding nr. 14.3: Oppstart av arbeidet med å greie ut 8-13 skule i Austrheim m.m. vert teke opp som eiga sak

### **FS - 160/14 Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering med slikt tillegg: Melding nr. 14.3: Oppstart av arbeidet med å greie ut 8-13 skule i Austrheim m.m. vert teke opp som eiga sak

---

## **161/14: Delegerte saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Delegerte saker vert tekne til orientering

## **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Det var ingen delegerte saker

---

## **162/14: Orienteringssak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

#### **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Rådmann Odd Ivar Øvregård og dagleg leiar i IKT Nordhordland orienterte om budsjett til IKTN for 2015. Dei gjekk gjennom korleis drifta av IKTN er bygd opp samt kostnadsfordeling mellom kommunane.

#### **FS - 162/14 Vedtak:**

Orienteringa vert teke til vitande.

---

## **163/14: Søknad om deling av areal på gbnr. 160/3 i Næringsområde i N18 på Øksneset - Dispensasjonssøknad**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon til omsøkt frådelling i Næringsområde N18 på gnr. 160, bnr. 3 på Øksneset. Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

#### **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Reidar Øksnes (Sp): Saka vert utsett  
Framlegg vart samrøystes vedteke

#### **FS - 163/14 Vedtak:**

Saka vert utsett



---

**164/14: Søknad om frådeling av bustadtomt på gbnr. 157/9 på Bergsvik -  
Dispensasjonssøknad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling for oppføring av bustad på gnr. 157/9 på Bergsvik.

-Vilkår er at den frådelte tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup). Om det seinare vert etablert ein anna infrastruktur på veg, avlaup og vatn i området kan det kunne koma krav om at denne tomten skal ha ny tilkopling til dette.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

**20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 164/14 Vedtak:**

Austrheim kommune gjev på vilkår som omsøkt dispensasjon til deling for oppføring av bustad på gnr. 157/9 på Bergsvik.

-Vilkår er at den frådelte tomten må knytta seg til den kommunaltekniske infrastrukturen i området når det gjeld VVA (veg, vatn og avlaup). Om det seinare vert etablert ein anna infrastruktur på veg, avlaup og vatn i området kan det kunne koma krav om at denne tomten skal ha ny tilkopling til dette.

Grunngjeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

---

**165/14: Vedtak - Detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde. Planid. 2010009-  
Andre gongs offentlig ettersyn**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-10 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no vert lagt ut på andre gongs offentlig ettersyn. Plankart er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 28.07. 2014.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

**20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Framlegg frå Ernst Stellberg (H) og Liv Ulvøy (V): Saka vert utsett

Framlegget fekk 2 røyster og fall.

Rådmannen sitt framlegg fekk 3 røyster og vart vedteke.

Dei som røysta for: Per Lerøy (Ap), Helge Dyrkolbotn (KrF) og Reidar Øksnes (Sp)

**FS - 165/14 Vedtak:**

Austrheim kommune vedtek i medhald av Plan og bygningslova §12-10 at detaljregulering Leirvåg Småbåthamn og Naustområde gnr. 128 med planid. 2010009 no vert lagt ut på andre gongs offentlig ettersyn. Plankart er datert 12.08.2014 og føresegner er datert 28.07. 2014.

Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

---

**166/14: Sak 14/982 Byggesak gbnr 132/66 Utkilen - kai og naust - dispensasjon - klage**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Formannskapet i Austrheim Kommune tek ikkje klagen til følgje og opprettheldt vedtak i sak 138/14. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.

Saka vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

**20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 166/14 Vedtak:**

Formannskapet i Austrheim Kommune tek ikkje klagen til følgje og opprettheldt vedtak i sak 138/14.  
Grunngjevinga er gjeve i saksutgreinga.  
Vedtaket er heimla i forvaltningslova § 33.  
Saka vert sendt attende til Fylkesmannen i Hordaland.

---

**167/14: Budsjettoppfølgning juli 2014**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til handsaming i møte.

**20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Budsjettoppfølgning for juli 2014 vert teke til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FS - 167/14 Vedtak:**

Budsjettoppfølgning for juli 2014 vert teke til vitande.

---

## **168/14: Likviditetsprognose 2014**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til handsaming i møte.

### **20.08.2014 FORMANNSKAPET**

Likviditetsprognose 2014 vert teke til vitande.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FS - 168/14 Vedtak:**

Likviditetsprognose 2014 vert teke til vitande.

---

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
171/14	Formannskapet	PS	03.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1277

### Meldingar

#### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
172/14	Formannskapet	PS	03.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1277

### Delegerte saker

#### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
118/14	Byggesak - Gbnr 136/5 m.fl. - Ferdigattest naustrekke gbnr 136/30-36.
119/14	Vedtak om deling av tomt på gbnr. 165/1 på Rongevær- Fritidseigedom
117/14	Vedtak-søknad om deling av naustomt på gbnr. 157/3 på Buholmen

#### Framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering

#### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
173/14	Formannskapet	PS	03.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Emma Hjelmtveit		14/1277

### Orienteringssak

### Framlegg til vedtak:

### Saksopplysninger:

## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
163/14	Formannskapet	PS	20.08.2014
174/14	Formannskapet	PS	03.09.2014

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Gbnr - 160/3	14/1141

### **Søknad om deling av areal på gbnr. 160/3 i Næringsområde i N18 på Øksneset - Dispensasjonssøknad**

#### **Vedlegg:**

Revidert søknad gbnr 160/3 Øksnes - deling - dispensasjon

Søknad gbnr 160/3 Øksnes - deling

Naboliste

Kart

Nabovarsel

Kvittering for nabovarsel

#### **Framlegg til vedtak:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon til omsøkt frådeling i Næringsområde N18 på gnr. 160, bnr. 3 på Øksneset. Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.

Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland på klagevurdering.

#### **Formannskapet - 163/14**

#### **FS - behandling:**

Framlegg frå Reidar Øksnes (Sp): Saka vert utsett

Framlegg vart samrøystes vedteke



## **FS - vedtak:**

Saka vert utsett

### **Saksopplysninger:**

Austrheim kommune har den 29.07.2014 mottatt søknad om dispensasjon til deling av areal i næringsområde på gnr. 160, bnr. 3. I kommuneplanen for Austrheim kommune 2006-2017 som kommunestyret i Austrheim vedtok den 27.06. 2007 er det vedtatt følgjande under «**Føresegner, Plankart med føresegner er juridisk bindande**»:

#### **Punkt 8.2.1.2 Føresegner for område avsett til næringsområde**

*«I tidlegare avsette og planlagte område, kan arbeid og tiltak som nemnt PLBL §§ 84 og arbeid og tiltak etter PLBL §§ 84 og 93, samt frådelling til slike føremål, ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan.....»*

I dette næringsområdet N18 i Austrheim kommune sin kommuneplanen sin arealdel er det altså krav til ein godkjent reguleringsplan før deling kan gjevast. På omsøkt frådelt areal på om lag 90 dekar føreligg det ingen reguleringsplan i dag. Omsøkt frådelling er difor ein dispensasjonssøknad. Seljar er Ottar Øksnes og kjøpar er Odd Haugen. Søknaden er nabovarsla på vanleg måte. Det er ikkje kome merknad til den omsøkte frådellinga. Eigarar av naboeigedommane gnr. 160/4 og gnr. 161/6 har samtykt til delinga. Søknaden med kart over omsøkt frådelt område ligg ved saka. Dette arealet ligg heilt sør i Næringsområde N18 på Øksneset. Odd Haugen eig elles i dette næringsområdet gnr. 161/71 og gnr. 161/74 som er litt lengre nord i Næringsområdet N18. Austrheim kommune eig den nordlegaste teigen i dette næringsområdet som er gnr. 161/7. Kjøpar opplyser at hans kal nytte området til industriføremål.

### **Vurdering:**

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Austrheim kommune finn ikkje at omsøkte tiltak som er frådelling av areal her vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

#### **Vurdering etter plan- og bygningslova**

##### **§ 19-2.Dispensasjonsvedtaket**

*«Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi*

*dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering.»*

Ved handsaming av dispensasjonssøknaden skal det vurderast om dei omsyna som ligg bak lova blir vesentleg tilsidesett. Det er omsynet til natur- og kulturmiljø, landskap, friluftsliv og tilgjenge for allmenta som ofte er vurderingstema. Vidare skal det vurderast om fordelane ved å gje dispensasjonsløyve blir klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Nasjonale og regionale rammer og mål skal leggjast til grunn for avveging av interesser. Rådmannen vil peike på at arealformålet i kommuneplanen si arealdel her er Næringsområde N18., omsøkt tiltak er i tråd med arealformålet her.

Rådmannen meiner at føremonene ved å gi dispensasjon i denne saka er at frådelling av dette næringsområdet vil føra til færre eigarar her, dette gjer det lettare på sikt å få utnytta området i tråd med arealformålet og få på plass plankravet. Rådmannen meiner at ei frådelling som omsøkt såleis på sikt vil gjeva ei betre utnytting av eksisterande næringsområde N18 og vil gjere det lettare å få på plass detaljregulering her. Rådmannen meiner at eit positivt delingsvedtak her vil kunne utløysa positivt press på grunneigar med å setja i gang detaljregulering av området då same eigar alt eig to andre større eigedommar i N18. Rådmannen vil opplyse om pbl. § 19-2 :«*Regionale og statlige myndigheter hvis saksområde blir direkte berørt, skal få mulighet til å uttale seg før det gis dispensasjon fra planer, plankrav og forbudet i § 1-8.* Rådmannen meiner at det i denne saka er tilstrekkeleg å senda saka til klagevurdering då deira saksområde ikkje vert direkte berørt gjennom denne delingsøknaden. Rådmannen meiner at fordelane ved å gje dispensasjonsløyve vert klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering i denne saka. Rådmannen meiner at «*hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse*» ikkje vert vesentleg tilsidesatt med eit positivt delingsløyve her.

## **§ 26-1. Opprettelse og endring av eiendom**

*«Opprettelse av ny grunneiendom, ny anleggseiendom eller nytt jordsameie, eller opprettelse av ny festegrund for bortfeste som kan gjelde i mer enn 10 år, jf. lov om eigedomsregistrering, eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan. Opprettelse eller endring som nevnt i første punktum, må heller ikke gjøres slik at det dannes tomter som er uegnet til bebyggelse på grunn av sin størrelse, form eller plassering etter reglene i denne lov.»*

Rådmannen meiner at omsøkt frådelt areal ikkje vil koma i konflikt med dei omkringliggjande eigedommane i næringsområde N18 eller koma i konflikt med § 26-1 i plan og bygningslova. Delinga er i tråd med arealformålet Næring, men omsøkt deling er ikkje i tråd med plankravet i føresegnene til kommuneplanen som vart godkjent i 2007. Det at delinga er i tråd med arealformålet er eit moment som talar for at ein kan gje dispensasjon. Rådmannen ser at færre grunneigarar i dette næringsområdet her vil på sikt kunne gje ei god arealutnytting, samstundes som ålmenta sin bruk av området i dag ikkje vert forringa. Dette talar for å gje dispensasjon. Det må og vurderast kva presedensverknader eit eventuelt positivt vedtak kan få. Saka det her er tale om har ein viss overføringsverdi til andre saker, noko som kan tale for at ein ikkje bør gje dispensasjon. Dette spesielt då ein som prinsipp skal vere restriktiv med å gje dispensasjonar frå plankrav før deling kan skje. Det at kjøpar alt eig to store teigar i dette næringsområdet talar for at det bør gjevast dispensasjon her, grunnen til det er etetr rådmannen si vurdering at det er lettare å få plass ein detaljregulering i dette store næringsområdet med ein større dominerande eigar her. Rådmannen

meiner det er viktig å stimulera til at detaljregulering av dette området kjem i gang. Dette vil kunne avklara bruken og konfliktane i dette området på ein optimal måte. Vegtilkomsten og anna infrastruktur inn i dette næringsområdet vil og verta løyst gjennom ein detaljreguleringsprosess.

Rådmannen vil peika på at det er ideelt sett i slike saker vanlegvis bør utarbeidas ein reguleringsplan for området for å få til gode fellesløysningar før slike frådelingar som omsøkt kan skje. Ein reguleringsplan er alltid den beste løysinga for å få ei heilskapleg løysing. Rådmannen vil uansett peika på at tiltaket her isolert sett er i tråd med kommuneplanen og at kostnadene med utarbeiding av reguleringsplan for denne eine omsøkte frådelte tomten i N18 vil vere uforholdsmessige.

Utfordringar knytt til VVA vil i dette næringsområdet på sikt verta løyst gjennom tilknytning til eksisterande kommunal tekniske anlegg som er i nærområdet, det er grunnlag for å gje dispensasjon til frådeling etter § 19-2. Rådmannen meiner at det difor ikkje er grunnlag for å krevje vidare regulering for berre dette eine omsøkte arealet.

Rådmannen meiner at etter ei samla vurdering kan det gjevast dispensasjon frå plankravet til deling av næringsareal som omsøkt på N18. Rådmannen rår difor til at søkjar får dispensasjon til omsøkt frådeling på gnr. 160/3 på Øksneset.

### **Konklusjon:**

Austrheim kommune gjev dispensasjon til omsøkt frådeling i Næringsområde N18 på gnr. 160, bnr. 3 på Øksneset. Grunngeving for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 1-8 og § 26-1.



Austrheim  
kommune  
Sætre marka 2  
4943 Austrheim

Tlf. 56 16 20 00  
Fax. 56 16 20 01  
[www.austrheim.kommune.no](http://www.austrheim.kommune.no)  
[www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Søknad om tiltak; oppretting eller endring av matrikkeleining (deling). Pbl § 20-1 m. <sup>1</sup>

Krav om matrikulering<sup>2</sup> av eining(ar) som ikkje krev handsaming etter Pbl § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter MI § 33.MI § 5, siste ledd og matrikkelforskrift §§ 43-48.

Rekvisisjon av oppmålingsforretning. Matrikkellova § 33.

Journalføring/stempel:

Søknaden/rekvisisjonen gjeld: <sup>3</sup>

Plan- og bygningslova(Pbl.),Matrikkellova(MI.)

Eigedom(ar)	Gnr: 160    Bnr: 3    Fnr:    Snr:			
	Gnr:    Bnr:    Fnr:    Snr:			
Søknad om tiltak (deling) etter, Pbl.§20-1 m og matrikulering etter MI. §5.	<p>Sakstype, Pbl. § 20-1 m:</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> A Ny grunneigedom</p> <p><input type="checkbox"/> B Ny festegrund over 10 år</p> <p><input type="checkbox"/> C Arealoverføring</p> <p><input type="checkbox"/> D Nytt jordsameige</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> E Ny anleggseigedom</p>			
	<p>Søknad om dispensasjon jf. pbl. § 20-1 m:</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Plan- og bygningslov</p> <p><input type="checkbox"/> Kommuneplan</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Reguleringsplan</p> <p><input type="checkbox"/> Utbyggingsplan (eldre lovverk)</p>			
Deling i samsvar med: <input type="checkbox"/> Reguleringsplan <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan (eldre lovverk) <input checked="" type="checkbox"/> Privat forslag <input type="checkbox"/> Anna:				
Krav om matrikulering av einingar som ikkje krev handsaming etter Pbl. § 20-1 m, eller oppmålingsforretning etter MI. § 33. <sup>4</sup>	<p><input type="checkbox"/> Matrikulering av einingar, og rettar (festeforhold, bruksrettar o.a.) som er tildelt matrikkelnummer etter tidligare regelverk (MI. § 5, siste ledd)</p> <p><input type="checkbox"/> Samanslåing (MI. §18)</p> <p><input type="checkbox"/> Føring av referanse til eksisterande grense, (MI. § 19)</p> <p><input type="checkbox"/> Matrikulering av eksisterande umatrikulert eining (MI. §13)</p> <p><input type="checkbox"/> Registrering av uregistrert jordsameige (MI. § 14)</p> <p><input type="checkbox"/> Registrering av samla eigedom (MI. § 20)</p>			
Rekvisisjon av oppmålingsforretning, MI. §33.	<p>Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) i medhald av løyve (delingsvedtak) etter Pbl. 20-1 m:</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Grunneigedom    <input checked="" type="checkbox"/> Anleggseigedom    <input type="checkbox"/> Jordsameige    <input type="checkbox"/> Festegrund    <input type="checkbox"/> Arealoverføring</p> <p>Må fyllast ut dersom alternativ B eller C er ønskt:</p> <table border="1"> <tr> <td>A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphald (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)</td> <td>B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år frå godkjenning fell gjeve løyve etter pbl. bort.)</td> <td>C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikkje lenger enn 3 år)</td> </tr> </table> <p>For alt C); oppgje særlege grunnar (eventuelt i eige vedlegg):</p> <p>Oppmålingsforretning for matrikkeleining(ar) som ikkje krev løyve (delingsvedtak) etter pbl. 20-1 m:</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Oppmålingsforretning over eksisterande matrikkeleining (MI. § 33)</p> <p><input type="checkbox"/> Klårlegging av eksisterande grenser (MI. § 33)</p> <p><input type="checkbox"/> Grensejustering (MI. § 16)</p> <p><input type="checkbox"/> Uteareal til eigarseksjon (jf. eigarseksjonslova § 7 og matrikkelforskrifta § 35)</p>	A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphald (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)	B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år frå godkjenning fell gjeve løyve etter pbl. bort.)	C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikkje lenger enn 3 år)
A) <input type="checkbox"/> Ønskjer gjennomført utan ugrunna opphald (frist 16 veker etter pbl.-vedtak, § 20-1 m + eventuell vinterforskrift, MI. § 18,3)	B) <input type="checkbox"/> Ønskjer å utsette oppmåling og matrikulering. Skal sjølv gje tilbakemelding når det er ønskjeleg å få utført arbeidet. (Etter 3 år frå godkjenning fell gjeve løyve etter pbl. bort.)	C) <input type="checkbox"/> Ønskjer av særlege årsaker å gjennomføre matrikulering men utsett fullføring av oppmålingsforretninga i medhald av matrikkellova § 6. (Kommunen fastset frist for fullføring, ikkje lenger enn 3 år)		

Spesifikasjon av parsell(ar) som vert søkt oppretta som matrikkeleining(ar):				
Parsell nr.	Areal ca. m <sup>2</sup>	Arealtype før deling	Eventuelt journal nr	Eventuelt namn og adresse på kjøpar/festar
90 da		Nering.		D&D Høyen
Opplysingar om omsøkt tiltak; bruk, tilkomst, vassforsyning og avlaup:				
Parsellen/ane skal nyttast til <sup>5</sup>	<input checked="" type="checkbox"/> Sjølvstendig brukseining	<input type="checkbox"/> Tilleggsareal til	GNR:	BNR: FNR: SNR:
	<input type="checkbox"/> Bustadhus	<input type="checkbox"/> Offentleg verksemd	<input type="checkbox"/> Offentleg friluftsområde	
	<input type="checkbox"/> Pritidshus	<input type="checkbox"/> Landbruk/Fiske	<input type="checkbox"/> Offentleg veg	
	<input checked="" type="checkbox"/> Industri/Bergverk	<input type="checkbox"/> Naturvern	<input type="checkbox"/> Kommunikasjonsareal / teknisk anlegg	
	<input type="checkbox"/> Varehandel/bank/forsikring/hotell/restaurant/anna:			
Tilkomst Pbl. § 27-4 Veglov §§ 40-43	<input type="checkbox"/> Riks-/fylkesveg	<input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg	<input checked="" type="checkbox"/> Privat veg	
	<input type="checkbox"/> Ny avkjørsel frå offentleg veg	<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkjørsel		
	<input type="checkbox"/> Avkjørselsløyve gjeve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Søknad om avkjørselløyve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Tilkomst sikra i følgje vedlagt dokument	
Vass- forsyning Pbl. § 27-1 og -3	<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input type="checkbox"/> Privat fellesvassverk. Tilknyttingløyve lagt ved		
	<input type="checkbox"/> Anna:			
Avlaup Pbl. § 27-2 og -3	<input type="checkbox"/> Offentleg avlaupsanlegg	<input type="checkbox"/> Privat enkeltanlegg	Beskriv:	
	<input type="checkbox"/> Privat fellesanlegg			
	<input type="checkbox"/> Utsleppsløyve gjeve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Søknad om utsleppsløyve (vedlagt)	<input type="checkbox"/> Avlaup sikra ifølge	
Vedlegg <sup>6</sup>				
			Nr. frå - til	Ikkje relevant
Partliste/naboliste (alternativt kan nyttast s 4 eller kvitteringsskjema for rekommandert sending)				<input type="checkbox"/>
Kart og situasjonsplanar				<input type="checkbox"/>
Avtale om veg/tilkomst, inkl. kart				<input type="checkbox"/>
Private servituttar				<input type="checkbox"/>
Uttale/samtykke frå andre offentlege myndigheiter				<input type="checkbox"/>
Andre avtalar, dokumentasjon				<input type="checkbox"/>
Andre vedlegg				<input type="checkbox"/>
				<input type="checkbox"/>

Andre opplysingar og underskrift(er):			
Andre opplysingar (f.eks. rettshavarar av betydning)	Rettshavarar		
Heimshavar (ar)	Namn: Ottar Øksnes	Tlf: 9924628	
	Adresse: Øksnesvegen 84	Postnr: 5943	Stad: Austrheim
	E-post:		
X Underskrift	Stad: Austrheim	Dato: 23/7-14	Underskrift: Ottar Øksnes
Heimshavar(ar)	Namn:		Tlf:
	Adresse:	Postnr:	Stad:
	E-post:		
Underskrift	Stad:	Dato:	Underskrift:
Kan nyttast til utfyllande merknader:			



<b>Partsliste (naboar, bruksretts- og servitutthavarar, og andre som er varsla)</b> <b>Trengst ikkje fyllast ut dersom partsliste følgjer som eige vedlegg,</b> <b>alternativt kan kvitteringsskjema for rekommandert postsending nyttast.</b>							
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fir., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fir., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fir., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fir., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
Eigedom (gnr., bnr., fir., snr):		Partsstilling:		Eigedom (gnr., bnr., fir., snr):		Partsstilling:	
Stad:	Dato:	Underskrift:		Stad:	Dato:	Underskrift:	
Namn:		Adresse:		Namn:		Adresse:	
